



# Masfjorden kommune

Teknisk, miljø og landbruk

MILJØDIREKTORATET  
Postboks 5672 Torgarden  
7485 TRONDHEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/128 - 23/4685

Saksbehandlar:  
Ottar Myrtveit  
ottar.myrtveit@masfjorden.kommune.no

Dato:  
24.05.2023

## Søknad om kvotefri jakt på hjortekalv i Masfjorden for 2023

Viser til brev datert 12.04.2023 om:

*Kvotefri jakt på hjortekalv 2023 – dispensasjon frå hjorteviltforskrifta §18.* Viser til saksnr2023/4440 og sender også denne søknaden på e-post til: [post@miljodir.no](mailto:post@miljodir.no)

Masfjorden kommune søkte også og fekk dispensasjon i 2022. Etter møte 23.05.23 i TU (Teknisk Utval – (politisk)) i Masfjorden, vil kommunen også i 2023 søkja om dispensasjon. Fristen er 15.05.2023, men det er avklart at det er OK med søknad no.

Me viser til punket: Søknaden skal inneholde opplysninger om:

- Vurdering av kommunens særskilte behov for kvotefri jakt.
- Oversikt over vald i kommunen som skal tildeles kvotefri jakt. Miljødirektoratet vil behandle søknad om kvotefri jakt på hjortekalv etter bestemmelsen om dispensasjon i forskrift om forvaltning av hjortevilt (hjorteviltforskriften) § 37.

Grunna mykje skade på innmark og auke i søknadar om skadedyr finn TU det rett å søkja om kvotefri avskyting av hjortekalv. Dette saman med ein endra avskytingsprofil i 2022, og justert på ny no i 2023 med 30% kalv, 40 produksjonsdyr og 30 % bukk er dette tiltak for å få redusera stammen. Om kommunen får innvilga denne søknaden vert det berre gjeve kalveløyver til dei valda som har teke ut tildelt kvote innan 01.11.2022.

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

Ottar Myrtveit  
landbruksrettleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

### Kopi til:

Stian Søvik	Hostelandslia 40	5986	Hosteland
<b>Mottakarar:</b> MILJØDIREKTORATET	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM

